



Slik vil vi ved Vigra skule skape eit trygt og dynamisk, skulemiljø.

Visjon

«Vi flyg saman»

Vi støttar og utfordrar kvarandre, unner kvarandre suksess og vi jaktar på det beste i alle.

Verdigrunnlag;

«Respekt – samarbeid – læring – trivsel»



Respekt	Læring	Samarbeid	Trivsel
• Vi ser kvarandre som likeverdige • Vi veit at alle er ulike og synest det er greitt • Vise interesse for kven den andre er og	• Ein prosess som går føre seg i ulikt tempo og på ulike måtar • Fremjar livsmeistring • Ei endring som skjeri møte mellom det	• «saman får vi til meir» • Alle bidrar med sine sterke sider, jobbar mot eit felles mål • Gjer kvarandre gode	• Ha venner og trygge relasjonar • Kjenne seg verdsett • Bli sett, høyrd og inkludert • Opplive meistring kvar dag

verdsette det ein har felles og det som er ulikt • Vise at vi godtek kvarandre gjennom lytting, ord og kroppsspråk	ein allereie veit og noko nytt • Noko som skaper undring, motivasjon og lærelyst • Når elevane har gjort «stoffet» til sitt eige, då har dei lært.	• Gjennom samarbeid øver vi på: • Dialog • Uthaldenheit • Inkludering • respekt	• Rom for å vere seg sjølv
--	---	---	--

Framtidsskulen:

Framtida ser annleis ut enn ho brukte å gjere

Med fokus på eleven si livsmeistring her, no og for framtida formar vi Framtidsskulen.

-dynamisk tenkesett:

-Vi ynskjer at alle skal kunne tørre å bruke stemmen sin. At alle skal prøve og feile med fokus på at det er LOV å gjere feil, nettopp fordi vi kan lære av det.



-vi samskaper syn på kunnskap, makt og roller, på ein måte som inkluderer alle i læringsfellesskapet

-gjennom relasjonell leiing, på alle nivå, er mål og forventningar tydeleg etablert og

-eleven er kjerneaktør i læringsarbeidet og får lære som heilt og aktivt menneske

- eleven vert utfordra utan å verte overbelasta – øver på å handtere læringsfrustrasjon
- vurderingspraksis med kjende mål og presise framovermeldingar
- eleven får kompetanse i demokrati og medborgarskap, opplever si stemme høyrte
- læraren går inn i læringsfellesskap med elevane og med kvarandre

Slik gjer vi det:

Alle tilsette

- basert på lokale og nasjonale føringar er alle tilsette å forstå som leiarar
- utøver relasjonsbasert leiing med fokus på dynamisk tenkesett og tilstreber å sjå etter og ha fokus på det beste i kvarandre, slik at alle skal kunne leie seg sjølv.


«Relasjonskompetanse er ferdigheter, evner, kunnskaper og holdninger som etablerer, utvikler, reparerer og vedlikeholder relasjoner mellom mennesker» Spurkeland (2012) Relasjonane er avgjerande for samarbeid, læring, arbeidsmiljø og effektivitet.

- I tråd med § 9a **følgjer alle** vaksne **med**, grip inn, **varslar**, **undersøker** og **iverksett** fagleg gode tiltak når vi observerer uønska åtferd, -der vi kjenner uro for at enkelthendingar/episoder er noko meir

- møter elevar, foreldre og kvarandre som varme, tydelege og forutsigbare vaksne

- lærarane samarbeider fagleg og rasjonelt

Gjennom å dele, drøfte, reflektere og å lære saman –utvikler lærarane sitt profesjonelle skjønn, øver opp sin relasjonelle kompetanse og bygger slik relasjonell kapital i vaksenmiljøet, i læringsmiljøet og i samarbeidet med føresette.



Læringsfellesskap med elevane;

Vi har fokus på trygge, varme møter med elevane –og spesielt i oppstarten av dagen. Eleven skal få vere skapande og utforskande og i størst mogleg grad erfare eigarskap til eiga læring og tilhøyr i læringsfellesskapet

- vi ser eleven som eit heilt menneske og anerkjenner at eleven lærer 24/7



-eleven erfarer å vere ein ressurs i læringsfellesskapet

-vi arbeider for å utvikle gode prosedyrer, rutiner, rammer og reglar på ein måte som skaper felles eigarskap og vi-kjensle

-faddersamarbeid -1.-7. klasse

-startar året før elevane byrjar på skulen



-klasseråd

-elevråd

-fellessamlingar

-morgonsamlingar

-fagdagar



Samarbeid heim-skule:

-Vi byggjer gjensidig respekt, gjennom tett og løysingsorientert samarbeid, med fokus på eleven sitt beste

-utviklingssamtalen skal vere elevsentrert og heimen skal vere oppleve å bli invitert inn i førebuingane

-Forventningsavklaringar mellom heim og skule vert arbeida med gjennom rådsorgana, og i møter mellom heim og skule

-Klassekontaktene og kontaktlærer snakkar saman om agenda for felles foreldremøte og planlegg dette i fellesskap